

Møtereferat

Politisk prosjektgruppe «politisk organisering»

Møtedato: 09.01.2019	Møtestad: Møterom Anga, Førde rådhus
-----------------------------	---

Møtt	Ikkje møtt
Olve Grotle Åsmund Berthelsen Mathias Råheim Kari Valle Håkon Myrvang Gunn Merete Paulsen Oddmund Klakegg Ole John Østenstad Bjørnar Karlsen Malin Moldestad	Norunn Lunde Furnes Kari Iren Birkeland

Møteleiar: Åsmund Berthelsen	Møtereferent: Malin Moldestad
-------------------------------------	--------------------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	Møtereferat 26.11.18 <ul style="list-style-type: none"> Gjennomgått og godkjent 		
2	Oppsummering etter møtet i fellesnemnda 12.12.18 <ul style="list-style-type: none"> Åsmund Berthelsen orienterte om sak 044/18 om hovudprinsipp for delegeringsreglementet i møtet Samrøystes vedtak og lite debatt tyder på brei semje om hovudprinsippa til fellesnemnda 		
3	Gjennomgang av forslag til delegeringsreglementet <ul style="list-style-type: none"> Ole John Østenstad orienterte om metodikken for reglementet Del 1 om hovudprinsipp <ul style="list-style-type: none"> Det er nødvendig å vinne erfaringar i ny kommune, og gjere kontinuerlege justeringar OJØ har lagt til <i>forskrifter</i> i pkt. 2 om avgjerder som ikkje kan delegerast Det vert lagt til eit avsnitt om delegering til ordføraren 		

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Forslag om tillegg i pkt. 3 «Prinsipp om maksimal delegering»: sette inn ei setning om behov for å vinne erfaring og kontinuerleg justering ○ Forslag om tillegg i pkt. 6 «Prinsipiell/Ikkje-prinsipiell sak»: dersom kommunedirektøren er i tvil skal han rådføre seg med ordføraren/formannskapet • Del 2 delegering etter særlover <ul style="list-style-type: none"> ○ Oversikta over særlover er ikkje uttømmende, verken i omfang av særlover eller lovparagrafer <ul style="list-style-type: none"> ▪ OJØ, MM og BK tek ein ny gjennomgang av reglementet og vurderer supplering ▪ Medlemmane i prosjektet må melde inn relevante paragrafar ○ Vi må finne ein god balanse mellom saksomfang til utvala og ivareta effektiv drift og prinsippet om likebehandling ○ Ønskje om å utarbeide ein praksis for rapportering om administrative vedtak, vurdere praksis i Høyanger kommune <ul style="list-style-type: none"> ▪ Dette blir inkludert i framlegg til vedtak ○ Administrasjonen følgjer opp merknader og spørsmål i møtet, til neste møte 21.01.18 <ul style="list-style-type: none"> ▪ Det bør gå fram kva som ikkje kan delegerast ▪ Vurdere å ta inn folkehelselova og ekteskapslova ▪ Ta vekk pkt. om smittevern til kommunestyret ▪ Luftfartslova – konsesjon til landingsplass ▪ Odelslova – vurdere om den skal stå ▪ Vurdere meir detaljert skildring av naturmangfaldslova ▪ Jordlova og konsesjonslova ▪ Kommunestyret fastset valkretsar ▪ Endre fritak frå verv etter domstollova til kommunedirektøren • Økonominettverket utarbeider eit økonomireglement og finansreglement, spørsmål om desse skal innom den politiske prosjektgruppa før handsaming i fellesnemnda <ul style="list-style-type: none"> ○ OJØ følgjer opp og avklarar status i arbeidet 		
4	<p>Framdrift</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mål om at sak om delegeringsreglement og reglement for dei folkevalde organa vert handsama i fellesnemnda 06.02.19 		
5	<p>Reglement for dei folkevalde organa</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsmåtar har blitt drøfta og vurdert inn i reglementet tidlegare <ul style="list-style-type: none"> ○ OJØ orienterer om arbeidet til den politiske prosjektgruppa «lokaldemokrati» som arbeider med liknande ordningar • Ny forskrift for kommunale råd er på høyring og gjev nokre utfordringar knytt til samansetjing av ungdomsrådet <ul style="list-style-type: none"> ○ Kommunestyret skal vedta kor mange medlemmer og varamedlemmer rådet skal ha, Førde sin praksis med 		

	opning for at alle ungdomsparti kan få ein representant i rådet kan difor ikkje vidareførast		
--	--	--	--

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.